



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8138-1

## **Innspel kostnadsredusjonar samferdsle 2016 - 2019 frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### Vedlegg:

Kostnadsreduksjonar samferdsle 2015 – 2019  
Møtebok hovudutval for samferdsle 13. mai 2015  
Hovudutval for samferdsle si prioritering på nivå 1-3

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune greier for tida ut ulike kostnadsreduserande tiltak for å tilpasse seg nye økonomiske rammer.

Samferdsleavdelinga har greidd ut tiltak innanfor sine område som er kollektivtrafikk og fylkesvegar.

Hovudutval for samferdsle delte 13. mai 2015 aktuelle tiltak inn i tre nivå. Møteboka finn de i vedlegget. Utgreiingane er enno på eit overordna plan der ein skisserar kostnadsreduksjonar innanfor kategoriar.

Det vert lagt opp til kostnadsreduksjonar over fleire år framover mot 2019. Hausten 2015 vil det bli lagt fram tiltak som skal gjelde frå 20. juni 2016.

Innspel til endringar i rutetilbodet frå 20. juni 2016 må vere samferdsleavdelinga i hende snarast råd, og seinast 1. oktober 2015.